

## *Stjørdalen, Stjørna og Skjørin* – med nokre metodevurderingar

*Eldar Heide*

*In this article, I will go through previous interpretations of place-names based on Old Norse stjør- and suggest a new interpretation. Most scholars have been uncertain regarding these names. On the basis of Rygh and Kjær's reading, Hoel has explained that Skjør in Eidsberg derives from stjør- in the sense of 'staff' and he sees the name as a reference to the elongated ridge on which the farm is located. Bjorvand expands this explanation to include Stjørdalen, Stjørna and Skjørin in Trøndelag, believing these names to refer to straight rivers or fjords. My objection is that there is no evidence that 'staff, pole' was a possible meaning of Norse stjør-, nor does the terrain in the respective places fit well with such a meaning. To these names I add the part of Lake Øyangsvatnet called Stjørna, 20 km from the fjord of Stjørna, and my point is that four out of these five stjør-names are linked to T-shaped bodies of water. This means that they resemble the shape of early, primitive anchors for which the Old Norse word is stjóri. Stjør-names may refer to this resemblance. My interpretation of Stjørna relies on the reconstructed sea-levels of the Early Iron Age. At the end of the article, I take a closer look at the potential of reconstructing past landscapes in connection with interpreting place-names, and my reading of Lake Styran in Eastern Sweden is based on a reconstructed water level.*

I denne artikkelen skal eg gå gjennom tidlegare tolkingar av stadnamn danna til gammalnorsk *stjør-* og så føreslå ei ny tolking, før eg går nærare inn på metodespørsmål som denne tolkinga reiser. I Noreg er det fire sikre namn danna til gammalnorsk *stjør-*:

– Bygdenamnet *Stjørdalen* i Inn-Trøndelag, *Stjóradalr* i dei norrøne

sogene (Rygh og Rygh 1903: 30). Til dette namnet er danna *Stjørdalsfjorden*, *Stjørdalselva*, mfl.

- Gardsnamnet *Skjør* i Eidsberg, i *Stiore* ikr. 1390 (Rygh 1897: 145)
- Bygdenamnet *Stjørna* sør på Fosenhalvøya – *Stiornen* 1432–33 (Rygh og Rygh 1901: 37). Til dette namnet er danna *Stjørnfjorden*.
- Eit tapt gardsnamn *Stjórndalr* eller *Stjórudalr* i Sunnfjord (Rygh og Kjær 1919: 373; *Bergens kalvskinn* 2016: 96-97).

Sannsynlege namn danna til same rot er i tillegg:

- Armen *Stjørna* i Øyangsvatnet sørvest for Lensvika ved Trondheimsfjorden.
- Fjordnamnet *Skjørin* nord på Fosenhalvøya. Det har vi òg som bygdenamn bakom gards- eller grendenamna *Nordskjørin*, *Sunnskjørin* og *Joskjør* (der *Jo-* skal vera mannsnamnet *Jon*, Rygh og Rygh 1901: 10). Fjorden blir òg kalla *Skjørafjorden*, men rette namnet er ifølgje Stemshaug *Skjørin*, «forvanska til Skjørafjorden på karta» (Stemshaug 1985: 71; 1997). Gamle skrivemåtar av bygdenamnet er *Støre*, *Skøre*, *Stjørne* ikr. 1550, *Stjørenn* 1559; av grendenamna *Nordstyren* 1618, *Sødrestjørne* ikr. 1550, *Sundtstyren* 1618 (Rygh og Rygh 1901: 10, 12).<sup>1</sup>

Dei fleste granskarane har vore usikre på desse namna. *Skjør* i Eidsberg rekonstruerer Rygh som \**Stjór* og seier at «Navnet [...] lydlig er ens med *stjór*, Sideform til *þjór*, Tyr». Men «af hvilken Grund dette Navn kunde være brugt som Gaardnavn her», har han ikkje noko forslag om. Han nemner berre namna ovanfor som moglege tilknytingspunkt. I tilfellet *Stjørdalen* er føreleddet opphavleg elvenamn, meiner han, men føreslår ikkje noka tolking. (Rygh 1897: 145) Tilsvarende seier Rygh og Rygh om *Stjørna* berre at dei meiner det opphavleg var elvenamn. Dei nemner namnebruken hos Aslak Bolt i 1432–33 som argument: Der «bruges nemlig i Overskriften *Stiornen* om Bygden; men senere kaldes den Elv, som gaar ud i Bunden av Nord-Skjørn [sic], ‘*aaen Stiornaa*’ og ‘*fiska aan Stiornen*’. Dermed passer ogsaa, at Navnet er Hunkjønsord.» (Rygh

1 *Stördalen* på vestsida av Trondheimsfjorden er stava *Stiördall* i 1559, men det er tydelegvis ein stavefeil. Aslak Bolt skriv i 1432–33 *af Størkilodale* (Rygh og Rygh 1901: 114), utan *-j-*. Fyrste del av samansetjinga skal vera eit eineståande elvenamn.

og Rygh 1901: 37) Sandnes og Stemshaug sluttar seg til dette (Sandnes og Stemshaug 1997: 427). Rygh og Rygh nemner òg at dette namnet finst i det sterkt oppdelte Øyangsvatnet to mil unna, vest for Lensvika. Vatnet har éin arm som heiter *Stjørna* og ein som heiter *Bjugn* eller *Bjugna* (Rygh og Rygh 1901: 37, 33). Dette må vera «Opkaldelse», meiner Rygh og Rygh (*ibid*), sidan Bjugnfjorden er næraste fjorden på nordsida av Stjørn-fjorden. Om *Skjøralfjorden* lenger nord på Fosenthalvøya, seier ikkje Rygh og Rygh anna enn at dei tre gardsnamna *Sunnskjør*, *Nordskjør* og *Joskjør* speglar fjordnamnet og at dei kan ha samanheng med namna som er nemnde ovanfor (*ibid*: 10, 12). Stemshaug seier at *Skjorin* etter dagens uttale å dømme er (bunden form av) eit lint hankjønnsord (Stemshaug 1985: 71; 1997). Han føreslår at namnet har «samanheng med verbet *skjøre*, som m.a. tyder ‘skumme over, gaa (skurende) over en Kant’ (Ross)» og at bakgrunnen i så fall er austavinden, som tek hardt der. Men han er open for at det er *stjór-*, som i *Stjørdalen* (Stemshaug 1985: 71; 1997). *Stjørdalen* set Rygh og Rygh i samband med dei andre namna, og meiner føreleddet «utvivlsomt [indeholder] Elvens Navn, som maa have været et sterkt Hunkjønnsord *Stjór*» og at opphavleg samansetjingsform derfor var \**Stjórardalr* (Rygh og Rygh 1903: 30), med genitiv *-ar*.

Rygh og Kjær er inne på, i drøftinga av det tapte *Stjór-* eller *Stjórudalr* i Sunnfjord, at elvenamn på *Stjór-* kan ha samband med «*stýri* n., *stjörn* f., Ror, egentlig: Støtte, som er beslægtet med gammelhøitydsk *stiuri*, stærk; Grundbetydningen synes at være: ‘være eller gjøre stiv’.» (Rygh og Kjær 1919: 373) Dei har ikkje noko forslag om korleis elvenamn kan vera danna ut frå ei slik tyding. Men Hoel bygger vidare på det i si drøfting av *Skjør* i Eidsberg, i manuskriptet han lét etter seg då han døydde i 1989, *Bustadnavn i Østfold*. Hoel meiner, på grunnlag av det Rygh og Kjær seier, at «Et ord \**stjórr* m eller \**stjór* n» kan ha hatt «betydningen ‘stav’» og at det ville høve på *Skjør* i Eidsberg; «navnet kunne forstås som ‘det rette, framskytende (neset)’.» (Hoel 2020 [før 1989]: 291).

Bjorvand tek opp desse namna i ein eigen artikkel (Bjorvand 2020). Han argumenterer for at dei kjem av gammalnorsk *stjór-* i tydinga «stang, stav» og at dei i utgangpunktet er namn på beine elvar eller beine, langstrekke høgdedrag. Grunnlaget for resonnementet er at *stjór-* står i avlyds-samhøve med *staur(r)* (Bjorvand 2020: 46; jf. Bjorvand og Lindeman 2019: 1204–05). I *Stjørdalen* skal føreleddet opphavleg ha vore namnet på øvre del av Stjørdalselva (ovanfor Ingstad-gardane), som er mykje bei-

nare enn nedre del av elva (Bjorvand 2020: 46–47). *Skjør* i Eidsberg skal koma av at garden ligg «på et langstrakt høydedrag som faller bratt av i en spiss ut mot Glomma» (ibid: 46). *Skjør* skal ha bakgrunn i at den nordre armen inst i fjorden er «ganske rett» (ibid: 47, figur 3). *Stjørnfjorden* skal ha bakgrunn i at elva som renn ut i Nordfjorden inst i Stjørna, «har et svært rett løp» (ibid). Så vidt eg forstår, er Hoel si tolking av *Skjør* i Eidsberg (Hoel 2020 [før 1989]: 292) utgangspunktet for Bjorvand sine tolkingar.

Eg deler ikkje Bjorvand si forståing av *stjór-* i namna som er rekna opp her. Det formelle sambandet med *staur(r)* og gammalhøgtysk *stiu-* er sikkert nok. Men så vidt eg kan sjå, er ikkje *stjór-* (*stjor-*) heimla i noka tyding ‘stang, stav’ i nordisk.<sup>2</sup> Dersom vi likevel føreset ei slik tyding, kan eg ikkje sjå at landskapet høver særleg godt med den tydinga.

Når det gjeld *Stjørdalen*, meiner Bjorvand at det er den øvre delen som har heitt \**Stjór* (f.), ut ifrå at elva der er bein som ein stav (Bjorvand 2020: 46–47). Nedre del skal på urnordisk ha hatt eit eige namn i kontrast til dette (Bjorvand 2020: 38–45), sjå nedanfor. Denne tolkinga av *Stjór-* i *Stjørdalen* har eg vanskeleg for å slutte meg til, fyrst og fremst fordi det er vanskeleg å sjå at øvre del av Stjørdalselva skil seg ut som bein. Til dømes er Inna i nabodalen på nordsida klårt beinare. I mine augo renn Stjørdalselva i sving og krok heile vegen.

Nordelva som renn ut i Stjørnfjorden, er derimot bein, eller i alle fall er dalen ho renn i det. Men den dalen er ein trong avkrok i bygda, heilt utan busetnad. Elva er ikkje farande med båt og det er ikkje bygder lenger oppe som ville hatt dalen langs Nordelva som kontakt med sjøen, slik at dalen vart viktig på den måten. Dalen står faktisk utan namn både på N50 og ØK. Det kan tyde på at dalen ikkje er vorten oppfatta som særleg viktig. Då er det vanskeleg å sjå kvifor heile bygda skulle fått namn av elva i den dalen. Vidare er det dalen heller enn elva som er bein. I tillegg er heile området prega av dei berggrunnsforkastingane som gjer denne dalen bein, slik at det er beine dalar og beine elvar mange stader i området, jf. figur 2 og figur 3. Dermed blir det eit spørsmål kor mykje Nordelva, eller dalen ho renn i, skil seg ut med å vera bein. Alt i alt verkar det lite rimeleg både at Nordelva eller dalen ho renn i skal ha gjeve namn til fjorden og bygda nedanfor og at namnet skal sikte til at elva eller dalen skil seg ut

2 Etymologien til dette komplekset drøftar eg i Heide 2022.

som beine. Stjørna i Øyangsvatnet (figur 1), som Bjorvand ikkje nemner, er definitivt ikkje bein.

At den nordre armen av Skjørin / Skjøråfjorden (figur 3) er «ganske rett» (Bjorvand 2020: 47), kan eg vera samd i. Men i «ganske» ligg at dette ikkje er spesielt slående. Eg har problem med å sjå at Skjørin skil seg ut som bein – særleg når næraste opning inn i landet sør for Skjørin, 3–4 km unna, er sundet Stokken, som er slående beint. I Åfjorden, 10–15 km sørover frå Skjørin, er det fleire langsmale fjordar som er mykje beinare enn Skjørin. Sjå figur 3.

Om Skjør i Eidsberg synest eg det er vanskeleg å seia noko frå eller til. Sant nok ligg garden på eit høgdedrag. Men *stjór-* er altså ikkje heimla i noka tyding ‘stav’ e.l., som denne tolkinga føreset. Og skulle tydinga likevel ha funnest, er terrenget såpass flatt at det er vanskeleg å avgjera kor særmerkande ryggen er for staden (også når eg ser han frå ulike vinklar i digitale landskapsmodellar, som på <https://kommunekart.com/>.) For meg ser det ut til at dette namnet ikkje kan hjelpe oss å finne fram til kva terengformasjon *stjór-* i stadnamn viser til. Eg ser derfor bort frå det, slik eg ser bort frå Sunnfjords-namnet *Stjórndalr* eller *Stjórudalr*, som vi ikkje veit kor var (Rygh og Kjær 1919: 373). Ein grunn til å gjera det, kan òg vera at *Skjør* i Eidsberg må koma av sterk, maskulin form \**Stjórr*, jf. dativforma i *Stiore* ikr. 1390 (Rygh 1897: 145) og genitivsforma på *-s-*, ikkje \**-a-*, som vi ser i namnet på nabogarden, *Skjórshammar*. *Stjóradalr* og *Skjørin* (jf. Stemshaug ovanfor), peikar derimot mot linn hankjønnsform, *stjóri*.

For å prøve å løyse problemet vil eg i staden ta utgangspunkt i oppkallingsparet *Stjørna* og *Bjugn(a)* i Øyangsvatnet (figur 1. Også bygdenamnet *Bjugn[a]* kan tradisjonelt ha både bunden og ubunden form, Rygh og Rygh 1901: 37, 33). Dette er altså namna på to armar av det sterkt oppdelte vatnet. Dei ligg like ved kvarandre, og sidan *Bjugn(a)*/*Bjugnfjorden* og *Stjørna*/*Stjørnfjorden* er naboar på kysten berre 2 ½ mil unna, er det naturleg å oppfatte namna i Øyangsvatnet som oppkalling etter fjordane – slik Rygh og Rygh peikar på (1901: 37). Det tyder i så fall på at namna *Bjugn* og *Stjørna* på kysten vart sedde i samanheng. Det kan også språkforma på *Stjór* / *Stjørnfjorden* tyde på. At det er valt *n-*avleiing akkurat i dette *stjór-*namnet, endå det ikkje er det i dei andre, høver med naboskapen til *Bjugn*. Rygh seier det slik at *Bjugn(a)* og *Stjørna* er «analogt dannede» (Rygh 1896: 46, 59).



Figur 1. Nordvestre del av Øyangsvatnet sørvest for Lensvika ved Trondheimsfjorden, med armene Bjugn(a) (t.v.) og Stjørna (nede t.h.). Frå <https://norgeskart.no/>.

Spørsmålet blir kva det kan vera med armene i Øyangsvatnet som gav folk ideen til oppkallinga. Eit fellestrekk mellom vassarmen Bjugn(a) og Bjugn fjorden er at det er ein bøyg på dei, sjå figur 1 og figur 2 (slik Indrebø 1924: 20–21 peikar på). Denne bøygen er bakgrunnen for bygdenamnet Bjugn, seier Rygh og Rygh (1901: 33). Dei held rett nok mulegheita open for at namnet ikkje speglar ein bøyg i fjorden, men i ei elv. Dessverre seier dei ingen ting om kva elv dét skulle vera. Grunnen til det kan vera at det er vanskeleg å finne ei slik elv i området, altså ei som skil seg ut med å ha ein eller fleire meir iaugefallande bøyg(ar) enn andre elvar i området. Samtidig er det ingen tvil om at fjorden har ein særmerkande bøyg. Han liknar m.a. bøygen som har gjeve namn til *Bygdin* ‘den bøygde’ i Jotunheimen, som ligg ikkje langt frå *Gjende* ‘den stavbeine’ og *Tyin* ‘den (tvi)kløyvde’ (Tylden og Sandnes 1968: 110; Heide 2006: 115–22).

Bøygen på Bjugn fjorden skil òg Bjugn fjorden frå Stjørn fjorden, som namna i Øyangsvatnet nettopp tyder på at Bjugn fjorden vart sedd i høve



til. Kjem ein til Trøndelag sørfrå i skipsleia, er det ei snore bein strekning som heiter *Trondheimsleia* sju–åtte landmil innanfor Hitra og fram til Trondheimsfjorden opnar seg mot søraust. Denne geologiske formasjonen held fram eit par landmil til, i Stjørnfjorden. Når ein kjem i leia, ser ein altså tidleg heilt inn i botnen av Stjørnfjorden. Dersom ein seglar kysten vidare nordover, ser ein snart inn Bjugnfjorden. Men der er hovudbygda, som ligg inst i fjorden, i skjul bak ein bøyg, gammalnorsk *bjúgr*. Sjå figur 2. Bøygen er altså noko som særmerker Bjugnfjorden og som skil han frå Stjørnfjorden. Då høver oppkallinga *Bjugn(a)* i Øyangsvatnet.

Men vassarmen Stjørna i Øyangsvatnet blir ikkje særmerkt av at han er bein. Det som særmerker forma på han er i staden at han er nokså smal før han vidar seg ut og får ein tverrliggjar i enden. Slik var òg Stjørnfjorden i gammal tid. Eit usamansett namn som *Bjugn* bør vera frå ned mot



Figur 2. Trondheimsfjorden (i nordvest), Stjørnfjorden (mot nordaust), Trondheimsleia (mot sørvest), Trondheimsfjorden og Bjugnfjorden (i nord) med havnivå frå rundt år 200, 8 m høgre enn i dag. Øyangen / Øyangsvatnet ligg i innlandet like utanfor sørkanten av kartet. Generert i Qgis med data frå <https://kartkatalog.geonorge.no/metadata/>, oktober 2021.

Kristi fødsel eller endå tidlegare, så i figur 2 har eg rekonstruert havnivået slik det var rundt år 200 (basert på [http://geologiskolen.uit.no/lokalGeologiskolen/Norge/n5\\_strandlinjeprog.htm](http://geologiskolen.uit.no/lokalGeologiskolen/Norge/n5_strandlinjeprog.htm)). Bjugnfjorden hadde same form den gongen som i dag. Men Stjørnfjorden hadde på den tida ein arm mot nord, som innhogg i det som i dag er Ørlandet. Stjørnfjorden hadde dermed liknande T-form som Bjugna i Øyangsvatnet, med dagens Stjørnfjord som stamme og Trondheimsfjorden som eine armen og innhogget i Ørlandet som den andre. Bjugna og Stjørna i Øyangsvatnet har altså liknande form som Bjugnfjorden og Stjørnfjorden hadde i gammal tid. Då gjev oppkallinga i Øyangsvatnet god meining.

Liknande form som Stjørna i Øyangsvatnet og Stjørnfjorden i gammal tid, har og hadde òg Skjørin, figur 3, og Stjørdalsfjorden, figur 4. Forma på Skjørin har endra seg lite med landhevinga, så den viser eg slik han ser ut i dag. Figur 4 viser havnivået ikring år 800. I den og endå meir i figur 8 har Stjørdalsfjorden mindre T-form enn i dag. Dette høver ikkje så godt med forklaringa eg set fram. Men, slik eg seier i samband med figur 8 nedanfor, må Stjørdalselva frå seinmellomalderen av ha grave bort ein god del av landet som i gammal tid var der Værnes er i dag. Dermed er det grunn til å tru at det var meir utprega T-form på Stjørdalsfjorden i gammal tid enn vi ser i figurar der vi legg gammalt havnivå inn i dagens landskap. Likevel må Stjørdalsfjorden i gammal tid ha vore mindre T-forma enn Stjørnfjorden, Skjørin og Stjørna i Øyangsvatnet. Men den òg er ein fjord som vidar seg ut til begge sider i innerenden.

Denne forma er altså felles for *stjór*-namna som har fjord eller arm av vatn som namneberar, eller som ligg ved fjord. At Stjørnfjorden har denne forma felles med armen Stjørna i Øyangsvatnet, samtidig som armen Bjugn(a) har si bøyg-form felles med Bjugnfjorden, tyder på at *Stjørna* og *Bjugn(a)* på kysten opphavleg var fjordnamn og at dei fekk namn ut frå forma dei hadde i gammal tid.

Ein treng ikkje kart for å leggja merke til slike former. Etter mitt skjønn er forma på ein fjord lettare å oppfatte for den som ferdast på fjorden enn mange terrengformasjonar på land er. Det er fordi heile sjøarealet er tilgjengeleg for ferdsle. På land blir det mykje meir at ein fer visse vegar, følgjer stiar, går der terrenget får ein til å gå. Den som trafikkerer ein fjord, derimot, vil med tida ha vore over mesteparten av arealet og dermed fått betre oversikt over forma enn ein ville gjort på land på eit tilsvarende areal på land.






Figur 3. Skjørin / Skjoråfjorden, Stokken og fjordane i Skråfjorden nord på Fosenhalvøya. Frå norgeskart.no.




Figur 4. Stjørdalen og Stjørdalsfjorden med havnivå frå 800-talet, 9 m høgre enn i dag. Kartet dekkar 24,5 km aust–vest. Generert i Qgis med data frå <https://kartkatalog.geonorge.no/metadata/>, oktober 2021.

Etter det eg kan sjå, finn vi i fire av fem tilfelle *stjór*-namn i samband med fjord eller vatn som har T-liknande form. Då er det grunn til å søke meininga til namna i det. Og faktisk er det overlevert eit gammalnorsk *stjór*- som høver med dette mønsteret. *Stjóri* m. er heimla som «Dreg, Krabbe, et Slags Anker til mindre Fartøier» (Fritzner 1883-96 III: 551). Ordet finst på nysislandsk i same tydinga. Der forklarar Sigfús Blöndal *stjóri* som «Sten, brugt som Anker (for mindre Baade)» og «Dræg» (desutan «Sænkesten i Hjørnet af et Fiskegarn el. paa en Fiskeline» og «Fortøiningsline»). Sigfús Blöndal 1920: 803, jf. Lúðvík Kristjánsson 1982: 190–92). Ein islandsk *stjóri* = *stjórasteinn* er vist i figur 5 og figur 6:

Perspektivteikninga i figur 7 viser eit norsk 1700-talseksemlar av same type anker, på norsk gjerne kalla *krake* eller *krabbe*. Den er med her for å gjera figur 5 lettare forståeleg. Det dropeforma omrisset i figur 5 er tverrsnittet av ein brei, flat stein som ei ramme omklamrar. I nedenden av ramma er det ein tverrliggjar med fleinar i kvar ende; dei skal haka seg fast i botnen. I øverenden er det feste for tauet. Funksjonen til den breie, flate steinen er å gje tyngd og å vri ramma, slik at ein av fleinane alltid peikar mot botnen. Ramma rundt steinen ligg i ei fôr som er hoggen inn for at ramma ikkje skal gli av. På det islandske eksemplaret er ramma



Figur 5. Skisse av islandsk *stjóri* = *stjórasteinn*. Frå Lúðvík Kristjánsson 1982: 191, jf. 190, 192.




Figur 6. Same *stjóri* = *stjórasteinn* som i Figur 5, dreidd 90 grader. Frå Lúðvík Kristjánsson 1982: 191, jf. 190, 192.

og fleinane av jarn, på det norske av tre, som må vera ei eldre løysing.<sup>3</sup> Trevarianten er konstruert slik at endane på ei stammekløft er tappa inn i og kilt fast i ein tverrliggjande staur. Jarnvarianten har i prinsippet same konstruksjon, slik at eitt stykke utgjer tverrliggjaren nede, medan eit anna stykke utgjer resten.

Det vi ser i figur 5 – figur 7, er den typologisk eldste forma for eigentleg anker vi kjenner, altså med unntak av stein med tau rundt eller gjennom. Frå Middelhavslanda er typen kjend heilt frå bronsealderen (Wachsmann 2009: 262; 2009 [1995]: 335, 340), og det er vanskeleg å sjå nokon grunn til at han ikkje skal vera svært gammal her òg.

Slik ein krake / *stjóri* er konstruert, blir stammen på han nokså brei, som vi ser (figur 5, figur 7). Dermed liknar ein krake / *stjóri* ikkje så lite på dei fjordane vi drøftar her, slik ein vil oppleva dei når ein kjem med båt. Kliss like kan ein ikkje akkurat seia, og særleg kan ein meine at forma på Stjørdalsfjorden har mindre felles med ein *stjóri* enn vi bør vente der-

3 Mange primitive anker har to sett av denne trekonstruksjonen, bygde saman slik at staurane i nedenden kryssar kvarandre. Det er typologisk sett ein yngre type. Denne typen heiter på islandsk gjerne *kraka* f. eller *kraki* m. (Lúðvík Kristjánsson 1982: 190-92), medan begge typane på norsk ser ut til å bli kalla både *krabbe* og *krake* (sjå <https://digitaltmuseum.no/>).



Figur 7. Krake, frå Strøm 1762 I, tabell III.

som han har namn etter jamføring med ein *stjóri*. Likevel er likskapen heilt på høgd med andre namn som samanliknar terrengformasjonar med gjenstandar, bygningar eller dyr. Til dømes har forma på Stjørdalsfjorden meir felles med forma på ein krake / *stjóri* enn fjella som heiter *Staven* (i Senja, Øksnes, Herøy, osv.) har felles med forma på ein stav. Fjell som heiter *Staven* er i regelen breiare enn dei er høge, t.d. den kjende *Trænstaven*. Dermed er likskapen med stavar eigentleg veldig fjern. Det same kan seiast t.d. om fjella som heiter *Hest(en)*, *Elgen*, o.l. Ingen av dei har fire bein eller hovud; det er berre ryggen og bolen jamføringa går på.

Eit moment som kan tenkjast å stø tolkinga eg føreslår i tilfellet *Skjørin*, er at andre namn i området kan sjå ut til å vera danna i same tankebane. På nordsida av Skjørin heiter næraste store fjord *Brandsfjorden*, venteleg av gno. *brandr* «stavnplanke, (pl.) (dekorerede?) opadkrummede forlængelser af skibs øverste plankegang på begge sider af for- og agterstavn» (Ordbog over det norrøne prosasprog, <https://onp.ku.dk/onp/onp.php?o10572>, 04.02.2021). Det med «opadkrummede» høver svært godt på denne fjorden, som gjer ein markant (60–90 grader), men jamn krum i innerenden. Til støtte for at nettopp denne markante knekken i enden av den strake fjorden er poenget, kan nemnast *Brandasund* nord i Bømlo kommune. Forma på det liknar mykje på Brandsfjorden. Næraste opning inn i landet sør for Skjørin, *Stokken* (figur 3), treng ikkje tolkast i liknande tankebanar, men kan godt det. På gammalnorsk hadde *stokkr* ikkje berre den allmenne tydinga ‘stokk’, men òg ei maritim tyding som synonym til *akerisstokkr*, ‘ankerstokk’ (Falk 1912: 79) – som har same vrifunksjonen som hella på ein krake. At sundet *Stokken* smalnar jamt, men markant av



mot eine enden, høver svært godt med ein ankerstokk (sjå t.d. ankerstokken frå Osebergskipet, Nicolaysen 1882: 40 / plansje IV), og ikkje like godt med ein tømmerstokk.

Ordet *stjóri*, ‘krake’, som eg dreg fram, høver formelt med *Skjørin*, som etter dagens form å dømme er bunden form av eit lint hankjønnsord (Stemshaug 1985: 71, 1997), og med *Stjóradalr*. Som nemnt, meiner Rygh og Rygh og Bjorvand at opphavleg form på det siste namnet var \**Stjórardalr*, med genitiv på *-ar*. Grunnen er at dei meiner føreleddet er eit elvenamn, som mest alltid er hokjønn. Det er fullt mogeleg at *Stjóradalr* er ei nedsliten form av \**Stjórardalr*. Men \**Stjórardalr* er aldri heimla, endå namnet er brukt mengdevis av gonger i dei overleverte mellomaldertekstane. Det heiter alltid *Stjóradalr*. Dermed er det «selvsagt ikkje helt uproblematisk» (Bjorvand 2020: 48) å føresetja *-ar*-genitiv. Føreleddet i den overleverte forma, *Stjóradalr*, er det formelt enklast å oppfatte som eit lint hankjønnsord, *stjóri*, som i genitiv får *-a*. Det høver med ordet som tyder ‘krake’.

Då er det på tide å samle trådane. Eg foreslår at *Stjóradalr* / *Stjórdalen* har namnet sitt av at fjorden utanfor opphavleg heitte \**Stjóri*, fordi forma på han liknar ein *stjóri*, ‘krake (primitivt anker)’. Same bakgrunn meiner eg det er for fjordnamnet *Skjørin*, gammalnorsk truleg \**Stjóri*. Eg meiner òg bygdenamnet *Stjørna* opphavleg var eit fjordnamn, \**Stjörn*, basert på same samanlikning med forma på ein krake, som Stjørnfjorden danner i lag med Trondheimsfjorden. I så fall er fjordnamnet ei *n*-avleiing til den rota vi har føre oss her, som *Bjugn* til rota i (gammalnorsk) *bjúgr* og *Sogn* til rota i verbet (gammalnorsk) *súga* (Sandnes 1997). Skrivemåten «fiska aan Stiornen», ‘fiskeelva Stjørna’, hos Aslak Bolt (1432–33) er ikkje noko sterkt argument mot at (slik Rygh og Rygh meiner, 1901: 37) *Stjørna* opphavleg var fjordnamn. Tidlegare i same setninga er elva nemleg omtala som «Stjorna», ‘Stjörn-åa’ (Jørgensen 1997: 96A).

Kanskje kan innsjønamnet *Styran* nordvest for Nynäshamn i Aust-Sverige òg forklarast ut frå *stjóri*, ‘krake, primitivt anker’.<sup>4</sup> Frå gammalt av bestod innsjøen av to halvdelar nesten skilde av motståande nes frå sør og nord. Sagt på ein annan måte var det eitt stort vatn som var nesten avsnørt på midten (i dag berre synleg på gamle kart, *Trosa* 1873; austre del av vatnet er drenert), og det liknar på korleis hella i ein krake ser ut til å

4 Eg har ikkje kunna gå systematisk gjennom svenske namn på *Styr*-

bli snørd saman på midten av ramma som fleinane er festa på. Sjå figur 6. Jamføringa med ein krake kan ha vore spesielt aktuell fordi ei bru i vikingtida gjekk mellom dei to nesa, på ein veg frå nord ned til leidangshamna på Djursnäs, 6–7 km unna.<sup>5</sup>

Lesaren kan meine det er uheldig at eg har bygd resonnementet såpass mykje på det oppkalla namneparet *Bjugn(a)* og *Stjørna* i Øyangsvatnet – uheldig fordi desse namna ikkje er heimla før i moderne tid. Men når namna på armane i Øyangsvatnet er *Bjugn(a)* og *Stjørna*, ikkje *\*Bjugnfjorden* og *\*Stjørnfjorden*, er det grunn til å tru at oppkallinga skjedde for svært lenge sidan. *Bjugn(a)* og *Stjørna* er i dag berre bygdenamn. Men vi må gå ut frå at dei som stod for oppkallinga, hadde fjordnamn i tankane, sidan det er forma på fjordane som er felles. Dessutan: Det at *Stjørna* i Øyangsvatnet har slik T-liknande form som *stjór*-fjordane, tyder i seg sjølv på at namnet er gjeve i så gammal tid at ein såg denne namngjevingsbakgrunnen, altså før havet steig så mykje mykje at *Stjørnfjorden* mista den klåre *stjóri*-forma. Det skjedde truleg i høgmellomalderen.

Det er ikkje så vanleg at ein dal har namn etter fjorden han munnar ut i, slik eg føreslår for *Stjørdalen*. Det motsette er vanlegare: *Romsdalsfjorden*, *Norrdalsfjorden*, osv. Likevel er det ein god del dalnamn som er avleidde av fjordnamn, t.d. desse:

- *Beiardalen*, til fjordnamnet *Beiar(e)n*, gammalnorsk *\*Beði(r)* (Sandnes og Stemshaug 1997: 86).
- *Norangsdalen* på Sunnmøre, ovanfor *Norangsfjorden*, gammalnorsk *\*Nórangr*, ‘trongsundfjorden’ (ibid: 332).
- *Førdsdalen* i Ålfoten i Nordfjord, til bygda *Førde*, dativ av gammalnorsk *Fjorðr*, i botnen av fjorden Ålfoten.
- *Saltdalen* i Nordland. Sandnes og Stemshaug (ibid: 380) seier rett nok at Saltdalen «Har namn etter hovudelva i dalen, Saltelva eller Saltdalselva». Men under distriktsnamnet *Salten / Salta*, konstaterer dei at utgangspunktet er straumen i Saltstraumen og at ein ser dette

5 Sjå tenesta *Fornsök* frå Riksantikvarieämbetet, <https://app.raa.se/open/fornsok/api/lamning/dokument/fil/aWlwYXg6Ly9vYmplY3RiYXNlMmRvY3VtZW50L2RvY3BhcjRpdGlvb2MyMTM4Njc0089-0749-01-D.jpg> og informasjonen arkeologen Maria Landin har lagt ut på [https://nynashamn.se/uppleva/se—gora/historia/fornlamningar->Sorunda->Gravfalt\\_och\\_vagbank-Styreborg](https://nynashamn.se/uppleva/se—gora/historia/fornlamningar->Sorunda->Gravfalt_och_vagbank-Styreborg). Eg fekk opplysningar frå henne i e-post 16.10.2021.



av at andre gamle namn på *Salt-* er knytte til stader med mykje straum (ibid). Eg kan ikkje sjå nokon rimeleg grunn til at dalnamnet skal ha gått omvegen om elva som renn gjennom dalen.

I innlandsdistrikt har vi tilsvarande t.d. *Nissedal* til fjordsjøen *Nisser*, gammalnorsk *Nizir* (ibid: 330) og *Fyresdal* truleg til *\*Fyrir*, eldre form av *Fyresvatnet* (Sandnes og Stemshaug 1997: 161), også ein fjordsjø.

Meir generelt er det heilt normalt at ei bygd eller eit distrikt har namn etter fjorden som bygda eller distriktet ligg ved. *Skjørin* og *Bjugn* her i artikkelen er døme på det. Andre døme som kan nemnast er *Sogn*, *Hardanger*, *Samnanger*, *Levanger*, *Varanger* og mange andre namn av gammalnorsk *-angr*; vidare *Nordfjord*, *Sunnfjord*, *Hemne*, *Matre*, osv.

Dersom det eg føreslår har noko føre seg, så illustrerer det korleis ein i norsk namnegransking har vore i snaraste laget med å avleie namn på gardar, bygder, fjordar, osv., av elvenamn, slik m.a. Myrvang har peika på (1997: 73). Då er det særleg *Stjørdalen* og *Stjørna* eg har i tankane. Men også *Bjugn* og *Saltdalen* illustrerer poenget, og *Værnes* nedanfor.

Avgjerande for tolkingane eg har lagt fram her, er det oppkalla namneparet i Øyungsvatnet og den høge alderen på oppkallinga som namneformene tyder på. Dette namneparet og omstenda ikring det gjer at den hovudtolkinga eg har føreslått etter mitt skjøn er svært sannsynleg, trass i at det ikkje er så mange namneeksemplar å vise mønsteret i.<sup>6</sup> Men dette er eit eineståande tilfelle. Dermed er det berre metodisk *interessant*, det er ikkje noko vi kan bruke oftare.

Rekonstruksjon av fortidig landskap, nærare bestemt av fortidig havnivå, spela òg ei stor rolle (i tilfellet *Stjørna*), og *det* er noko som har stort potensial. Å ta omsyn til landheving i namnegransking er slett ikkje noko nytt. Til dømes peika Sahlgren på behovet for å gjera det i 1919 (Sahlgren 1919: 95). Hos Calissendorff 1964 er rekonstruert havnivå avgjerande. Frå Noreg kan m.a. nemnast Aslak Liestøl sin studie «Landheving og stadnamn» frå 1959 og Særheim 2004. Det kan likevel gjerast mykje meir ut av dette, og no er det mykje enklare enn for berre nokre tiår sidan.

I Noreg kan vi på få sekund få ut omtrentleg havnivå tusenvis av år attover

6 Søk etter namn på *Krak-* gav ikkje treff som stemmer med *Stjor-*tolkinga eg føreslår her. *Krakhella* i Solund og *Kraknes* fleire stader og *Krakvika* fleire stader nordpå og i Ullensvang, ser ut til å sikte til ankringsplassar.

kor som helst i landet med hjelp av UiTs interaktive strandlinjebase, som ligg på [http://geologiskolen.uit.no/lokalGeologiskolen/Norge/n5\\_strandlinjeprogr.htm](http://geologiskolen.uit.no/lokalGeologiskolen/Norge/n5_strandlinjeprogr.htm). For å laga kart med gammalt havnivå kan ein laste ned nasjonale kartdata frå GeoNorge til eit GIS-program (eg brukar gratisprogrammet Qgis) og markere det nivået ein vil med blåfarge. Det steget er litt komplisert, men har ein fyrst fått det til, så er det veldig raskt å gjenta det.

I Sverige hadde Sveriges geologiska undersökning ei tid tenesta «Kartgeneratorn», som eg har brukt mykje, og som hausten 2022 vart erstatta med «SGU:s kartvisare» (<https://www.sgu.se/om-sgu/nyheter/2022/juni/squs-strsndforskjutningsmodell-ger-en-bild-av-den-forntida-fordelningen-mellan-hav-och-land/>). I den kan ein velja «Strandförskjutningsmodell». Ein fordel med desse tenestene er at alt er automatisk, slik at ein ikkje treng teknisk kompetanse for å få det til. Eg har forstått det slik at ei liknande netteneste er på veg i Noreg òg. Ein annan fordel med dei svenske tenestene er at dei viser nedtappa eller tørrlagde vatn. Minuset er at karta systemet leverer er grove og at den underliggjande modellen ikkje klarer å fylle tronge sund med vatn. I den nye «SGU:s kartvisare» er det òg ein funksjon der ein kan «Ladda ned data som Geopackage» til «Strandförskjutningsmodell».

Rekonstruksjon av fortidig landskap kan både hjelpe oss til å sjå kva tolkingar som er rimelege og kva tolkingar som kan utelukkast. To døme på det siste: I 2015 diskuterte eg holmenamnet *Hargen* i Mälaren som om det var svært gammalt (Heide 2015: 28). Men holmen steig ikkje or havet (som Mälaren var ein del av) før mot slutten av jernalderen ([http://apps.sgu.se/kartgenerator/maporder\\_sv.html](http://apps.sgu.se/kartgenerator/maporder_sv.html), oktober 2021). I artikkelen der han drøftar *Stjór*-namna, seier Bjorvand at nedre del av Stjørdalselva i urnordisk tid hadde eige namn. Utgangspunktet er at han vil forklare namnet *Værnes*, gammalnorsk *Varnes* (Bjorvand 2020: 44–45), som ligg langt nede i Stjørdalen. Han tenkjer seg at dette *Var-* er eit gammalt elvenamn og rekonstruerer det som urnordisk \**Warō*. Han meiner det siktar til meandrane i denne delen av Stjørdalselva, slik han meiner ein del andre namn på *Var-* viser til meandrar og liknande. Han meiner det er «helt klart at denne delen av elva [... på norrønt] kan ha hatt navnet \**Vara* ‘den langsamt svingende’. Norrønt *Varnes* kommer følgelig av urn[ordisk] \**Wara-nasja* n.»

Undersøker vi kva havnivået var i urnordisk tid, så må dette resonnementet falle, for på den tida eksisterte ikkje nedre del av Stjørdalselva.

Sjå figur 8, som viser havnivået ikring år 200, med 12 m høgare hav enn i dag. Framleis på 800-talet, med 9 m høgare hav enn i dag – sjå figur 4 – var det brei fjord opp til Trøyta, berre nokre hundre meter kortare enn det er brei fjord i figur 8.

Å leggja inn gammalt havnivå på kartet, kan altså vera svært opplyssande. Likevel kan det òg gje eit misvisande bilete. Værnes kyrkje ligg på det søraustre neset av den trekanta øya i figur 8. Bjorvand legg i si tolking stor vekt på ein meander som ein framleis kan ane i grunnen nord for Værnes kyrkje; den viser at elva i nedre del av Stjørdalen ein gong var svært svingete, seier han (Bjorvand 2020: 44–45). Denne meanderen er synleg i figur 4 og figur 8. Men han kan ikkje ha eksistert då havet stod så høgt som figurane viser. Då fjorden stod (oppimot) ei mil forbi dette området, ville ikkje elva hatt kraft til å grava der. Elvar meandrerer berre på land. Meanderen må altså vera danna etter at dalbotnen på dette punktet var heva over havet. Når eg gjer fleire slike rekonstruksjonar som i figur 4 og figur 8, ser det ut til at dette ikkje skjedde før i seinmellomalderen, då havet stod rundt 5 m høgare enn no. Desse rekonstruksjonane tyder på, jf. figur 4, at neset Værnes opphavleg bestod av dei to store øyane i figur 8 pluss det meanderen har fjerna, og på at det hang fast med landet på nordsida av fjorden. Dette neset har så danna ein poll på innsida (austsida). Dette meanderdømet illustrerer at det ikkje nødvendigvis er nok å leggja gammalt havnivå inn i dagens landskap for å sjå korleis det såg ut i gammal tid.<sup>7</sup>

Eg trur rekonstruksjon av fortidig landskap kjem til å spela større rolle i namnegransking framover, fordi teknikken har gjort det så mykje enklare enn før og kan gje mykje meir nøyaktige rekonstruksjonar enn før. Fleire døme frå mi hand kjem i Heide under utgjeving. I åra framover kan vi vente oss nye tekniske framsteg.

---

7 Korleis *Værnes* (< *Varnes*) skal tolkast, blir eit ope spørsmål, og eg har ikkje noko forslag. Korslund har føreslått at føreleddet i dette og andre *Var*-namn er “stammeformen av adjektivet *varr* ‘var, varsom, oppmerksom’” og at “stedsnavn med forleddet *var*- vise[r] til et fredlyst og fredhellig sted”, på linje med *Helg*- og *Vé*- (Korslund 2012: 68–69). Om dette stemmer, kan vanskeleg avgjerast, men eg ser det som eit interessant forslag. Bjorvand nemner det ikkje (2020).



Figur 8. Stjørdalen og Stjørdalsfjorden, med havnivå frå ikring år 200, 12 m høgre enn i dag. Værnes kyrkje er markert med raud ring. Kartet dekkjer 22 km aust–vest. Generert i Qgis med data frå <https://kartkatalog.geo-norge.no/metadata/>, oktober 2021.

### Nemnd litteratur

- Bergens kalvskinn, 2016. Kildeutgivelser fra Riksarkivet 3. Utgitt av Ole-Jørgen Johannessen. Oslo: Riksarkivet.
- Bjørvand, Harald 2020: Stjørdalselva. *Namn og nemne* 37: 37–49.
- Bjørvand, Harald og Fredrik Otto Lindeman 2019: *Våre arveord. Etymologisk ordbok*. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B, Skrifter 105. Rev. og utv. utg. 1. utg. 2000. Oslo: Novus.
- Calissendorff, Karin 1964: Helgö. *Namn och Bygd* 52: 105–52.
- Falk, Hjalmar 1912: Altnordisches Seewesen. *Wörter und Sachen* 4: 1–121.
- Fritzner, Johan 1883–96: *Ordbog over Det gamle norske Sprog* 1–3. 1. utg. Christiania 1867. Kristiania: Den norske Forlagsforening.
- Heide, Eldar 2006: *Gand, seid og åndevind*. Dr. art.-avhandling, Universitetet i Bergen.
- 2015: *Hørgr* in Norwegian names of mountains and other natural features. *Namn og nemne* 31: 7–51.

- 2022: The semantic development of Germanic *\*steur-*: poles, rudders, anchors, withies and retractable keels. *Ethnolinguistics. Problems of Language and Culture / Etnolingwistyka. Problemy Języka i Kultury* 34. 167-79.
- under utgjeving: *Pre-Christian høgr / hargh(er) / harug / harag / hearg: passages through barriers*. Book manuscript. 230 pages.
- Hoel, Kåre 2020 [før 1989]: *Bustadnavn i Østfold 19. Eidsberg*. Manuskript etterlate av Hoel, kommentert og utgjeve av Tom Schmidt. Oslo: Novus.
- Indrebø, Gustav 1924: *Norske Innsjønamn. I. Upplands fylke*. Videnskapsselskapets Skrifter. II. Hist.-filos. klasse, 1923: 7. Kristiania: I kommission hos Dybwad.
- Jørgensen, Jon Gunnar (red.) 1997: *Aslak Bolts jordebok*. Oslo: Riksarkivet.
- Korslund, Frode 2012: Navnet Varteig. *Namn og nemne* 29: 65–70.
- Liestøl, Aslak 1959: Landheving og stadnamn. *Maal og Minne* 1959: 143–55.
- Lúðvík Kristjánsson 1982: *Íslenzkir sjávarhættir II*. Reykjavík: Bókaútgáfa Menningarsjóðs.
- Myrvang, Finn 1997: Namnet Sortland. *Håløygminne* 78: 69–77.
- Nicolaysen, N. 1882: *Langskibet fra Gokstad ved Sandefjord. The Viking-Ship from Gokstad*. Kristiania: Cammermeyer.
- Rygh, Oluf 1896: Norske Fjordnavne. *Sproglig-historiske Studier tilegnede Professor C.R. Unger*, 30–86 Kristiania: Aschehoug.
- Rygh, Oluf 1897: *NG I. Smaalenenes Amt*. Kristiania: I kommission hos Cammermeyer.
- Rygh, Oluf og Karl Rygh 1901: *NG 14. Søndre Trondhjems amt*. Kristiania: Fabritius.
- Rygh, Oluf og Karl Rygh 1903: *NG 15. Nordre Trondhjems amt*. Kristiania: Fabritius.
- Rygh, Oluf og Albert Kjær 1919: *NG 12. Nordre Bergenhus Amt*. Kristiania: Fabritius.
- Sahlgren, Jöran 1919: Svenska ortnamn och svensk bebyggelsehistoria. *Namn och Bygd* 7: 81–108.
- Sandnes, Jørn 1997: Sogn. Jørn Sandnes og Ola Stemshaug (red.): *Norsk stadnamnleksikon*, 414. Oslo: Det Norske Samlaget.

- Sandnes, Jørn og Ola Stemshaug 1997: *Norsk stadnamnleksikon*. 4. utg. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Sigfús Blöndal 1920: *Íslandsk-dansk Ordbog. Íslensk-dönsk orðabók*. Reykjavík: I kommission hos Verslun Þórarins B. Þorlákssonar.
- Stemshaug, Ola 1985: *Namn i Noreg. Ei innføring i norsk stadnamn-gransking*. Oslo: Det norske samlaget.
- Stemshaug, Ola 1997: Skjörin. Jørn Sandnes og Ola Stemshaug (red.): *Norsk stadnamnleksikon*, 404. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Sandnes, Jørn og Ola Stemshaug (red.) 1997: *Norsk stadnamnleksikon*. 4. utg. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Strøm, Hans 1762: *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør; beliggende i Bergens Stift i Norge. Oplyst med Landkort og Kobberstykker* 1. Sorøe / Kiøbenhavn: Jonas Lindgren / Rotheske Boglade.
- Særheim, Inge 2004: Our oldest settlement names. Astrid van Nahl mfl. (red.): *Namenwelten. Orts- und Personennamen in historischer Sicht*, 318–332. Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde 44. Berlin: De Gruyter.
- Trosa 1873. Topografiska Corpsens karta öfver Sverige. Uppmätt 1867 / 1854. Stockholm: Sveriges geologiska undersökning.
- Tylden, Per og Jørn Sandnes (red.) 1968: *Namn i fjellet*. Oslo: Samlaget.
- Wachsmann, Shelley 2009: *Seagoing Ships and Seamanship in the Bronze Age Levant*. London: Chatham Publishing.
- Wachsmann, Shelley 2009 [1995]: *The Sea of Galilee Boat*. College Station: Texas A&M University Press.